

Pneumokokk

Kven bør ta pneumokokkvaksinen?

- Alle som er 65 år eller eldre.
- Vaksne i alderen 18–64 år som har ein alvorleg sjukdom.

Snakk med legen din om du er usikker på om det gjeld deg. Fyller du 65 år i år får du vaksine til rabattert pris.



Korleis verkar pneumokokkvaksinen?

- Vaksinen lærer kroppen å forsvare seg mot pneumokokkbakterien.
- Vaksinen blir gjeven med sprøyte i armen. Den kan takast samtidig med korona- og influensavaksine.
- Det tar 1–2 veker før vaksinen byjar å verke.

Kva skjer etter vaksinasjonen?

- Mange får litt vondt på stikkstaden og det kan bli litt raudt og hovent.
- Enkelte får feber, vondt i musklane, kjenner seg litt sjuke eller utmatta. Dette forsvinn av seg sjølv etter nokre få dagar.
- Er du usikker på eventuelle plager etter vaksinasjon, ta kontakt med lege.



Les meir på
fhi.no/voksenvaksinasjon